

Desember 2022

Samhandlingsnytt



Kontakt

Nettstad

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane>

www.samhandling-sfj.no

Kontaktperson

Samhandlingsjef Helse Førde
[Dagrun Kyrkjebø](#)

Kjære lesar!

I denne utgåva av Samhandlingsnytt presenterer vi informasjon om ulike aktiviteter i området vårt, og håpar at du som lesar finn dette interessant.

Året er straks over og vi vil difor nytte høvet til å takke alle gode samhandlingspartnarar for godt samarbeid i året som ligg bak oss!

Samhandlingskonferansen 2022

Konferansen fann stad på Scandic Sunnfjord hotell 1. og 2.november. Målgruppa for denne konferansen er overordna politisk og administrativ leiing frå kommunane, Helse Førde og HVL. Det var god deltaking med om lag 170 påmelde som medverka til felles fagutvikling i arbeidet med helsefelleskap. Overordna tema for dagen var frå part til partner- saman står vi sterkare.

Dag1 fekk vi innføring i overordna føringar og framtidens utfordringar kring kompetanse og rekruttering frå Helsedirektoratet, Statsforvaltar, KS, HVL, kommunane og Helse Førde. Dag 2 var programmet spekka med faglege innlegg med nasjonale, regionale og lokale prosjekt og utviklingsarbeid.



*IFoto: John Eirik Anfinsen,
Sunnfjord kommune*

Aktuelle møtedatoar første kvartal 2023:

Felles brukarutval

23.januar 2023

Fagleg samarbeidsutval

25.januar 2023

Strategisk samarbeidsutval

16.februar 2023

Partnerskapsmøte

3.mars 2023

God Jul og Godt Nytt År!

Side 1 av 7

Siste nytt frå:

Sogn og Fjordane helsefellesskap

Helsefellesskapet har gjennomført planlagt møteserie i år med fire møter i fagleg og strategisk samarbeidsutval. I løpet av 2022 har ein fått etablert strukturane i helsefellesskapet, arbeidd fram [strategidokument](#) og kome i gang med arbeidet med ein konkret handlingsplan for samhandlinga mellom kommunane og helseføretaket. Handlingsplanen skal slutførast i januar 2023.

Innsatsområder i strategien:

- Felles planlegging
- Rekruttering og kompetanse
- Prioriterte pasientgrupper (barn og unge, personar med alvorlege psykiske lidningar og rusproblem, skrøpelege eldre og personar med fleire kroniske lidningar)
- Andre prioriterte område:
 - o Akuttmedisinske tenester
 - o Digitalisering av tenester
 - o Forsking og utviklingsarbeid

Partnarskapsmøtet for 2022 vart avlyst.

Nytt partnarskapsmøte er under planlegging og blir arrangert 030323 som eit heildagsmøte i Førde.

Felles brukarutval v/leiar Eiliv Berdal

Ved årsskiftet går perioden for det sitjande FBU ut og nytt utval er utnemnt for perioden 2023 – 24. Nokre av medlemene i det gamle utvalet held fram i det nyutnemnde utvalet. Det nye utvalet blir presentert i neste utgåve av Samhandlingsnytt.

241122 hadde FBU fellesmøte med styret i Helse Førde. FBU valde i møtet å fokusere på tre saker:

1. Den økonomiske situasjonen for Helse Førde og konsekvensar for tenestetilbodet.

God Jul og Godt Nytt År!

Månadens intervju



Foto: Privat

Arild Krogh Nøstdal

Kst.stadleg leiar Nordfjord sjukehus og seksjonsleiar NPS rus, Helse Førde

Fag- og yrkesbakgrunn:

Eg er utdanna sjukepleiar og har vidareutdanning i psykiatri. Sidan 2012 har eg vore leiar for Nordfjord psykiatrisenter sin seksjon rus, ein døgnpost som tilbyr tverrfagleg spesialisert rusbehandling til personar over 18 år med alle typar rusproblem. Det å ha fått vere med på å etablere og byggje eit fagmiljø og utvikle helsetenester heilt frå start har vore utruleg gjevande og lærerikt. Eg er også glad for at eg har brei erfaring frå arbeid i ulike fagområde i kommunehelsetenesta, noko som gjer det lettare å sjå og forstå fleire perspektiv og den samla tenesteheilskapen som finst.

Kva engasjerer deg innan samhandlingsfeltet?

Eg prøvar å halde fast ved pasientperspektivet og at god organisering av helsehjelpa og god samhandling rundt pasientane er to heilt naudsynte føresetnader for å kunne levere sikre tenester med god kvalitet.

Kva verdiar synes du er viktig for å oppnå god samhandling mellom tenestenivåa?

At helsepersonell uansett forvaltingsnivå jamnleg reflekterer rundt – og forstår rolla si i

Side 2 av 7

Dei siste økonomirapporteringane frå administrerande direktør viser at Helse Førde går mot eit relativt stort underskot i 2022. FBU er bekymra for denne situasjonen og kva konsekvensar den får for pasientbehandlinga. I dag har vi allereie fristbrot og lange ventelister, og det blir utfordrande å betre denne situasjonen parallelt med økonomiske innsparingar. For FBU var det av interesse å få ei orientering om mogelege konsekvensar for tenestetilbodet og om kva strategiar som blir lagt til grunn for prioritering av pasientgruppene og behandlingstilbodet.

2. Pasientar med utviklingshemming og deira møte med spesialisthelsetenesta.

Menneske med utviklingshemming er ei pasientgruppe med spesielle behov og ofte også samansette lidingar. Innanfor barne- og vaksnehabilitering er det i gang organisatoriske endringar. For pårørande og pasientar kan tilbodet i Helse Førde verke noko fragmentert og omorganiseringane ser ikkje ut til å ha gjort dette lettare sett utanfrå. FBU forventar at koordinatorfunksjonen både innanfor barne- og vaksnehabiliteringa blir styrka og at det blir etablert eigne fag- og kompetanseteam med fokus på pasientar med utviklingshemming.

3. Opptappingsplanen for psykisk helse – fokus på barn og unge.

Dei siste åra har psykiske plager hos ungdom auka og det går ofte lang tid før ungdom får den hjelpa dei treng. Det er behov for eit lavterskeltilbod til denne gruppa. Det er dessverre ikkje alltid kapasitet til å behandle pasientane raskt, slik at lettare psykiske vanskar ikkje utviklar seg til alvorlege psykiske sjukdomar. FBU er uroa for at manglande kapasitet i systemet går utover dei alvorleg psykisk sjuke. Erfaringskunnskapen til brukarane, pårørande og brukarorganisasjonane er ein viktig ressurs og FBU oppmodar til å bruke denne ressursen slik at ein stadig kan gi betre behandling til dei ulike pasientgruppene.

Samhandlingsbarometeret – ny indikator: Bruken av kommunale akutte døgnplassar (KAD/ØHD)

I 2016 vart kommunale døgntilbod for pasientar med behov for akutt hjelp eller observasjon oppretta som eit alternativ til sjukehusinnlegging for enkelte pasientgrupper. Desse vart kalla KAD,

Månadens intervju, forts.

helsetenesta ein jobbar i - og set pasienten i sentrum. I tillegg til at samarbeidet mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta er likeverdig, og ikkje er prega av at noko er viktigare enn noko anna.

Korleis ser du føre deg samhandlinga mellom tenestenivå om 10-15 år?

Systematisk arbeid med samhandling vil føre oss mange skritt framover, dersom ein har strukturar som sikrar at arbeidet med dette er tilstrekkeleg praksisnært, bygd på felles verdiar med utgangspunkt i pasientbehov. Det vil fortsatt eksistere samhandlingsutfordringar i framtida, men kanskje har vi fått på plass teknologi som gjer jobben litt enklare enn den er i dag, og tryggare for pasientane. Eg vil tru at det på eit tidspunkt ikkje så altfor langt fram vil vere mogeleg på forsvarleg vis å etablere felles journalsystem til dømes.

Rolla som konstituert stadleg leiar

Eg er konstituert som stadleg leiar ved Nordfjord sjukehus i 6 månader i ei 20% stilling. Oppgåvene som ligg til denne rolla skal løysast i tillegg til dei oppgåvene eg har som seksjonsleiar ved NPS. Det at eg er leiar på helseområde Nordfjord frå før og dermed kjenner leiarane og mange av dei tilsette her, ser eg på som ein fordel og noko som gjev mogelegheiter. Eg vil vere tilgjengeleg og legge til rette for fleksibel og intensivert innsats ut frå behov, men det må naturlegvis ligge nokre klare prioriteringar til grunn. Hovudprioriteringane vert om lag slik: Eg kjem til å møte fast i føretaksleiinga til Helse Førde, prioritere deltaking i møte og fora for koordinering og intern samhandling på Nordfjord sjukehus og i samhandlingsfora og møte med kommunane. Eg kjem vidare til å ha fast kontordag på NSH kvar onsdag.

eller ØHD-plassar. Bruken av KAD-plassane varierer mykje. For små kommunar har det vore krevjande å bemanne eit fåtal KAD-senger i eigen kommune. Fleire kommunar har difor gått saman om å drifte KAD-einingar i ein vertskommune, der pasientar frå kommunar rundt denne må reise dit. Slik sett kan avstandar påverke omfanget av bruken, men den største skilnaden er truleg knytt til ulike faglege tradisjonar og haldningar i fastlege- og legevaktsgruppa.

Alver (KAD)	Eigersund (KAD)	Karmøy (KAD)	Samnanger (KAD)	Stad (KAD)	Tysvær (KAD)
Askey (KAD)	Førde (KAD)	Kinn (KAD)	Sandnes (KAD)	Stavanger + Randaberg (...)	Ullensvang (KAD)
Austevoll (KAD)	Gloppen (KAD)	Kvinnherad (KAD)	Sauda (KAD)	Stord (KAD)	Voss (KAD)
Bergen (KAD)	Haugesund (KAD)	Lund (KAD)	Sogndal (KAD)	Strand (KAD)	Øygarden (KAD)
Bjerkreim (KAD)	Hjelmeland (KAD)	Luster (KAD)	Sokndal (KAD)	Suldal (KAD)	
Bjørnafjorden (KAD)	Hå (KAD)	Lærdal (KAD)	Solund (KAD)	Tysnes (KAD)	



KAD/ØHD	Kommune	Innleggelsar	Liggedagar	SnittLiggetid	Innleggelsar pr. 1000 innb.	Liggedagar pr. 1000 innb.
Stad (KAD)	Kinn (Vågsøy)	51	68	1,3	9,5	12,7
Stad (KAD)	Stad	107	150	1,4	11,2	15,8
Stad (KAD)	Stryn	40	70	1,8	5,6	9,8

I Sogn og Fjordane er det i 2021 åtte KAD/ØHD. Illustrasjonsfiguren over viser dekningsområdet for KAD i Stad. Denne består av tre kommunar; Stad, Stryn og nordre del av Kinn (tidl. Vågsøy). Vi ser at Stad har klart flest liggedagar i høve folketalet, medan Stryn har lågast bruk.

Eit særleg problem knytt til data vi publiserer på er at rapporteringa av data frå KAD-ordningane er manuell og varierer mykje. Dette fører til at vi manglar data frå mange av KADane for 2021, slik det også har vore tidlegare år.

Praksiskonsulentane



Praksiskonsulentane i Helse Førde har mange ballar i lufta når det gjeld samhandling – hovudsakleg mellom allmennlegetenesta og sjukehusa. Nettsida til PKO er oppdatert og her finn ein oversikt over aktuelle viktige saker som blir formidla ut til allmennlegekorpset. Kopi går også til mange sentrale samarbeidspartar i Helse Førde.

Hovudsida med info om PKO-ordninga, praksiskonsulentane i Helse Førde og som gir tilgang til alle aktuelle lenker inkludert dei som kjem under her.

[Praksiskonsulentordninga \(PKO\) - Helse Førde](#)

[Aktuelle saker – dei nyaste øverst](#)

[PKO kalender med aktuelle samhandlingskurs aktuelle for allmennlegar](#)

VR (virtuell realitet) i helse og pasientbehandling

For vel to år sidan starta VR-reisa for spesialfysioterapeutane Jeanette Svarstad og Stine Solvik i Helse Førde. I løpet av denne perioden har dei begynt å få kunnskap om korleis vi kan bruke VR- og spelteknologi for å auke motivasjon og meistringskjensla i rehabilitering av hjerneslagpasientar, i tillegg til at pasientane får trene ei rekke kroppsfunksjonar.

På Førde sentralsjukehus blir det etablert eit eige teknologirom i dei nyoppussa lokala i første etasje ved Treningsrommet. Her skal VR- og spelteknologi nyttast i rehabilitering av barn og vaksne. Vi gler oss til å ha offisiell opning på nyåret og til at enda fleire skal få ta del i bruken av rommet.

I Helse Førde blir det jobba aktivt med å finne moglegheiter for å utnytte og bruke VR-teknologi vidare i pasientbehandling. I tillegg har Helse Førde og HVL Campus Førde inngått eitt samarbeidsprosjekt «VR i Helse» for å sjå på kva muligheiter og synergjar eit utstrakt samarbeid kan gi; både for tilsette, pasientar og studentar.

Både Helse Førde og HVL har gått til innkjøp av VR-briller, og vi håpar at dette prosjektet kan bidra til at vi får bygd opp eit godt kompetansemiljø på tvers og eit attraktivt tilbod som blir aktivt brukt.





Du kan lese mer om VR-prosjektet her:

- 1) [Erfaringar med VR som fysioterapitiltak i rehabilitering av hjerneslagpasientar. Ein intervjustudie \(fysioterapeuten.no\)](#)
- 2) [SlagNytt nr 2, 2022. Magasin om hjernehelse og hjerneslag \(lhl.no\) \(s. 21\)](#)
- 3) [F&I magasinet -forskning og innovasjon i Helse Førde by Senter for helseforskning - Issuu \(s. 6 og 7\)](#)
- 4) [Motiverer til trening i ei virtuell verd - Helseforskning Sogn og Fjordane](#)

Kontaktperson: Jeanette Svarstad, spesialfysioterapeut
jeanette.svarstad@helse-forde.no

Heildigital inspirasjonsdag om velferdsteknologi i tenestene til personar med utviklingshemming

1. desember arrangerte dei tre utviklingssentra for sjukeheimar og heimeteneste (USHT) i Vestland fylke ein digital inspirasjonsdag om velferdsteknologi i tenestene til personar med utviklingshemming.

Forsking syner at velferdsteknologi kan vere sentralt for å gi auka livskvalitet, tryggleik og sjølvstende for personar med funksjonsnedsetting. Målet med dagen var å auke kunnskap om velferdsteknologi i tenestene. Målgruppa var tilsette i tenestene til personar med utviklingshemming, både dei i direkte tenesteyting men og forvaltningskontor, leiarar og beslutningstakarar og andre med interesse for tema.



Gjennom inspirasjonsdagen fekk ein høyre innlegg frå Helsedirektoratet om [veileder gode helse- og omsorgstjenester til personer med utviklingshemming](#). Bufdir viste til utfordringar og moglegheiter ved bruk av internett for personar med utviklingshemming. KS fortalde om Nasjonalt velferdsteknologiprogram, og Statsforvaltaren viste til lovverk knytt til bruk av velferdsteknologi. Dagen hadde og fleire gode døme frå praksis ute i kommunane.

Det var overraskande stor interesse for dagen, ikkje berre regionalt, men også nasjonalt. Det kom påmeldingar frå Karasjok i nord til Grimstad i sør, men flest deltakarar frå Vestland. Det var viktig for USHT å få til ei løysning som kunne gje kommunane moglegheit til å sjå heile eller delar av sendinga i opptak slik at dei kan spreie kompetansehevinga til fleire tilsette i eit tempo som passar for den enkelte kommune.

Fram til no har omkring 700 sett [sendinga](#), som ligg tilgjengeleg eitt år fram i tid.